



55 gjekk rundt vandretreet

Det ustadige veret skremte vel nokon, for vanlegvis er det meir enn 55 som deltek i den tradisjonelle julefesten i bedehuset i Uskedalen. Men dei som kom hadde ei riktig triveleg stund ikveld medan det ruska ute, for å sitera Garborg. Festen kuliminerte med gangen rundt juletreet som er spesielt, men da på ein annan måte enn det rotfaste i sentrum. Dette er eit vandretre som er innom både skuleslutt, bedehusfest og Vonheimfest før det vert pensjonert. Og årets vandretre ligg ikkje etter forgjengarane i utsjånad.



Julespelet var imponerende

Dette året opna festen med eit imponerende julespel som utan tvil må ha koste mykje under førebuingane. 16 unge aktørar henta frå ymse hald var i aksjon og fekk velfortent applaus.

Georg Hestad frå Seimsfoss hadde preika dette året og illustrerte evangeliet på ein folkeleg måte med ord og bilete som synte pedagogiske evner.

Andre nøkkelpersoner under festen var Camilla Myklebust, som leia og song og Svanhild Haugland, som leia både leikar for dei små og hjernetrim for dei litt større. Og jølvsgatt var det også ei god matøkt før juletregangen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Georg Hestad frå Seim var ein god pedagog